

Arbeidsprogram for Studentparlamentet i Volda 2018-2019

Organisatorisk:

1. Sørge for at ein kvar student ved HVO har kjennskap til Studentparlamentet og våre arbeidsoppgåver.
2. Aktivt informere om Studentparlamentet, vårt arbeid og våre aktivitetar gjennom studentar og sosiale medium.
3. Arkivere og dokumentere arbeidet vi gjer i Studentparlamentet så langt det er mulig.
4. Aktivt arbeide for høgare deltaking ved vala som vert gjennomført ved høgskulen.

Samarbeid:

1. Ha et aktivt samarbeid med UH-nett vest og deira studentråd
2. Faste møter med leiinga ved HVO og SiVolda
3. Jevnleg kontakt og samarbeid med studentrepresentantane i høgskulestyret og SiVolda.
4. Ved behov oppretthalde kontakt med kulturnæringshagen

Studentvelferd

1. Arbeide for et inkluderende studiemiljø og likestilling for studentar.
2. Arbeide for tilrettelegging for studentar som engasjerer seg i studentdemokratiet.
3. Jobbe for et bedre velferdstilbud for studentane, og sørge for at helsetilbud blir synleggjort og fungerer tilstrekkelig.
4. Oppretthalde ein god dialog med Fadderveka, og sørge for at faddervekestyret fungerer optimalt.
5. Oppretthalde eit godt samarbeid mellom lag og organisasjonar ved høgskulen.
6. Aktivt hjelpe læringsmiljøutvalet i deira arbeid for studentane
7. Arbeide for å skape fleire møteplassar for studentar på campus.

Forskning

1. Vere oppdatert på forskinga HVO gjennomfører
2. Synliggjere forskingsprosjekt som studentar deltek i.
3. Arbeide for at studentar skal få moglegheita til å delta i forskingsprosjekt

Studiekvalitet og studieprogram

1. Auke kunnskapen og engasjementet rundt tillitsvalgte si betydning og deira arbeidsoppgåver
2. Jobbe for at studiebarometeret får høg deltaking og blir representativt for heile høgskulen.
3. Arbeide for ei betre digitalisering av utdanningsløpa
4. Arbeide for døgnopne undervisningsrom og bibliotek/lesesalar, spesielt i eksamenstidene
5. Arbeider for at HVO opprettar ei mentor-ordning for alle studentar, allereie frå første studieår.
6. Jobbe for betre oppfølging av praksisperiodar, evaluering og utvikling.
7. Jobbe for at studieprogramma gir tydelege beskjedar i god tid til alle studentar.
8. Arbeide for at eksamen er tilpassa kvart studieløp og læremål
9. Arbeide for å innføre automatisk sensur på alle eksamenar

10. Arbeide for at alle emner blir evaluert og at resultatet blir brukt i vidare utvikling av emne og studieprogram
11. Arbeide for at gratisprinsippet vert praktisert - at studentar i minst mulig grad skal betale eigenandel på studieturar og sikre gode alternativ til dei som ikkje kan delta.

Internasjonalisering

1. Dele ut pris for internasjonalisering kvart år
2. Ha eit kontinuerlig samarbeid med Pangaia for å betre integreringa mellom norske og internasjonale studentar
3. Arrangere Buddyweek i januar kvart år med Pangaia
4. Arbeide for at Fadderveka skal inkludere og integrere internasjonale studentar med norske studentar
5. Arbeide for at lag og org legger til rette for å inkludere internasjonale studentar
6. Arbeide for at alle som ønsker å ha praksis i utlandet skal få lov til det.

Miljø

1. Arbeide for at HVO og SiVolda satsar på miljøvenlege tiltak og opprettar nye miljøordningar på heile campus.
2. Arbeide for at miljø blir et prioritert område under læringsmiljø og læringsmiljøutvalet.
3. Vere aktive i prosessen for å få høgskulen godkjent som Miljøfyrtårn.